

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Kjellevoll

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 45 Br.nr. 4

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Oppskr. etter Jon J. Kjellevold, gardbr. og postopnar h. v. 87 år.

SVAR

- 1 Ein kan no seia "ja" med å bukka lett (nikka) - "nei" med å rista på hovudet. Det brukte dei aldri før på desse kantar. Det er komi inn dei siste 40-50 åra.
- 2 Heilt til det siste har det vori skikken her å helsa med å bukka lett for alle ein møter, anten ein kjende dei eller ei. No held denne skikken på å gå or bruk, men enno er det vel dei fleste her som held på skikken.
- 3 Den eldste helste vel jamnast fyrst, men elles var det ikkje så nøye med det. Alle skulle helsa fyrst på øvrigheita, d. v. s. prest, lensmann, og skrivar og fut og andre slike storkarar. No er det lite att av baa desse reglane. Ein ser ofte dei yngste helsa fyrst, og embetsfolka gjer ofte det same.
- 4 Mennene sa goddag og letta på hatten. Ofte tok dei elles berre til hatten med eit par fingrar, helst når det var grannar eller gode kjenningar. For øvrigheita tok ein alltid hatten av. Kvinnene sa det same. Var det øvrigheita dei helsa på neia dei attåt, men galdt det andre greidde det seg med orda. Borna bukka eller neia, men sa oftast ingen ting. Å helsa "opp i handa" var ikkje så mykje brukt. Det var helst ved meir høgtidsame høve som bryllaup, gravferd o. a. slike møte.
- 5 For embetsmenn tok ein hatten av seg. Dei gamle stod såleis alltid med hatten i handa når dei tala med presten eller andre storkarar. Når bygdefolk møttest, tok ein sjeldan hatten eller huva av. Ein lyfte berre handa opp til hattebremen eller hueskyggen.
- 6 Noko slikt var ikkje brukt. Tok dei hatten av, ~~tok~~ heldt dei han i venstre handa og nevehelste med den høgre.
- 7 Helsingmåten var nett den same anten ein var helgkledd eller i kvardagskledda.
- 8 Når ein vitja kvarandre, t. d. i bryllaup, gravferd og gjestebod handhelsa ein på alle utan omsyn til alder og storleik. Fyrst husens folk, og sidan andre gjester. Men no tek ein ikkje dette så nøye.

- 2.
- 9 Før i tida var det nokså vanleg at ein klappa ein-an-
nan på aksla til merke på venskap. Men no er det likt
til at den skikken og døyr ut her. Det er sjeldan å
å sjå nokon gjer det no.
 - 10 Ein letta gjerne på hatten når ein hørde kyrkjeklok-
kene. Då kyrkja står i Eivindvik, mest ei mil herfrå,
hørdesti aldri kyrkjeklokkene på åkeren her. Fortel-
jaren kjenner ikkje til korleis det vart gjort i sli-
ke høve andre stader i Gulen. Kvinnene gjorde inga
sers helsing om dei hørde kyrkjeklokkene.
 11. Når dei gamle møtte ei likferd, tok dei gjernast hat-
ten av, eller letta i minsto på han. Det same gjorde
dei for eit brurfylgje.
 - 12 Slikt noko er ukjent her no.
 - 13 "Gomorn" sa ein i opstadbøl og frukostbøl. Når mid-
dagstida var komen, sa ein "goddag". "God middag" sa
ein berre til ein som skulle heim til middag. "God
kveld" sa ein gjerne når ein skildest i kveldinga.
"God natt" sa ein berre når den tida var koma at ein
skulle leggja seg.
 - 14 Det vert ikkje sett på som usømeleg å nytta ei hel-
sing som ikkje er rett. Men før i tida var det ikkje
rekna for god sed.
 - 15 Forteljaren kjende ikkje til visse svar i slike høve.
I sume høve vart ei rang helsing brukt som spott el-
ler for å erta nokon. "Gomorn. Er den mannen så tid-
leg oppe?" sa ein kanskje til ein som låg til middags-
belet. På ei helsing svara ein gjerne med same orda.
 - 16 No er det lite nøye med alt dette. Det er ^{ikkje} sjeldan å
råka folk som helsar "gomorn" eller berre "morn" til
alle tider på døgret. Dei fleste likar nok dette ber-
re så måteleg - enno. Men det vert vel ein vane det
med.
 - 17 "Guds fred" har vori lite bruka her. Men dei andre ut-
trykka har vori i vanleg bruk heilt til det siste.
Mange brukar dei enno, serleg av eldre folk
 - 18 På desse helsingane svara ein berre "takk" eller
"takk i like måte" eller "Takk, deg det same".
Forteljaren kjende ikkje andre tiltalemåtar med "sig-
ne".
 - 19 Før var det vanleg å ta opp att helsinga når ein kom
inn i huset i slike høve. Truleg er det vanleg enno.
 - 20 Ein sa berre at ein gjerne ville tala med han på to-
mannshand.
 - 21 Ja, det har vori brukt både før og no.
 - 22 Ein sa gjerne "versgo" eller "kom inn". I skjemt sa
ein stundom "stig på" eller "hopp over" - ja jamvel
"stå ute". Men slikt var sjølv sagt berre til gode ve-
ner eller til borna. Den som kom inn vart ståande ved
døra til han vart beden om å setja seg. Dei sette då
ein stol fram til han, eller viste han til setes på
ein benk eller ein krakk.

- 23 Den som kom inn stogga ved døra og helste. Dei som tok mot han helste att, og la gjerne til. "Er det du som er ute og går?" eller "Er det den mannen som er så flittig?" Så bad dei vedkomande koma inn eller stiga frampå.
- 24 Hatten eller huva tok han av straks han kom innfor døra.
- 25 Til den som venta ved døra sa ein: "Du må gå frampå." "Set deg ned." eller "Du må sjå å finna deg ein stol." eller "Verggo set deg ned."
- 26 Nei, det vart ikkje gjort noko skilnad såleis.
- 27 Som på andre som ikkje var nære kjensfolk. Men ein la gjerne til: "Er framandfolk ute og går?"
- 28 Kjenningar vart litt meir opi mottekne, og med litt mindre krus. Ein bad dei og vera velkomne. Det gjorde ein ikkje med heilt framande. Det har ikkje vori skikk å turka av stolen her, det forteljaren kjenner til.
- 29 Ein møtte dei i døra og bad dei vera velkomne. Ein sa gjerne "Takk for di de kom" eller "Det var snilt av dykk at de ville sjå hit."
- 30 Ein sa berre "Farvek" eller "Takk for visitten". Gjesten sa berre "Farvel" eller "Takk for meg", stundom "Takk for laget."
- 31 Når nokon skulle reisa, tok ein han i handa, sa "Farvel" og ynskte han "Lukke på reisa". Stundom bad ein han og vera velkomen att.
- 32 Å kysse kvarandre til avskil har ikkje vori skikk her. Det kunne nok henda at ei mor kyste borna sine til avskil, men elles er det ukjent.
- 33 Berre born og foreldre. Sjå ovanfor.
- 34 Til born snakka ein stundom om å få ein "suss" Elles kjende ikkje forteljaren andre uttrykk.
- 35 Å kyssa på handa er heilt ukjent som skikk her.
- 36 Sjå ovanfor.
- 37 Heilt ukjend skikk.
- 38 "Kyss ho tante." eller "Gje ho besta ein suss."
- 39 Forteljaren kjende ikkje til noko slikt.
- 40 Sjå ovanfor.
- 41 Forteljaren kjende ikkje til skikken, men det kan vera dei som brukar det likevel, meinte han.
- 42 Ja, det hende nok, helst mellom kjærastfolk, eller mellom born og foreldre. Det kallast å gje godkjeke.

4.

- 43 Sjøå ovanfor.
- 44 "Til lukke" sa ein oftast etter giftarmål eller truloving, eller etter ein eksamen. "Til lukke med det små" sa ein og, når det galdt eit nyfødt eller nydøypt barn. "Gratulerar" vart brukt på same måten.
- 45 Ein sa "god jul" "god påske" eller "god pinse". Ein kunne og seia "gle(de)leg fest". Ved truloving, brudlaup eller barnefødsel sa ein anten "til lukke" eller "gratulerar". ("gratulerar hjarteleg" ell. likn.
- 46 Ein sa oftast "kondolerar" - "Vi deltar i sorga" eller "Vi har kome dykk så ihug" eller liknande.
- 47 Frå gamalt takka ein alltid opp i handa i slike høve. Men ein sa jamnast berre "takk".
- 48 Ein takkar helst i heimen før ein reiser med liket. Men det kan og gjerast ved grava, t. d. om det er nokon som ikkje har vori til stades i heimen, og som har ei takk å bera fram. Ei slik takk kallast "avkje" eller "å ta avskje".
- 49 Ein kan peika nase, men det er no helst borna som brukar det. Så kan ein klappa seg bak, eller slå frå seg med handa som om ein kastar frå seg noko stygt. Ein kan og geipa eller gjera trut, eller blåsa svivyrdsleg. .
- 50 Her seier folk "du" til alle ein omgåst nokolunde jamt. "De" til slike som er meir framande. "I" og "jer" er det ingen som brukar her.
- 51 Ein seier anten "du" eller De. Til slike ein elles ville seia "De" til, brukar ein stundom titelen i bunda form i staden. T. d. "Vil ikkje presten sitja?" "Kan læraren koma til oss i kveld?" "Vil futen svara på dette?"

-----0000-----